



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 11.03.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 18:55

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 03.03.15 og møtet var kunngjort i pressa 11.02.15.

I starten av møtet presenterte leiar i soknerådet (Fellesrådet) Kari Erikstein, medlem i kyrkjeutvalet i Meland Frank Rune Dale og kyrkjeverje Anne Sofie Uthaug status/vidare planar for ny kyrkje/kulturhus.

Direktør Ole Hope i Business Region Bergen presenterte Strategisk næringsplan for Bergensregionen.

Formannskapet hadde pause frå kl. 17:25 - 17:30.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Atle Håtuft	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Sigmund Larsen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og sektorsjef teknisk Anny Bastesen.
Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal og plansakansvarleg Alexander Helle møtte til sak 32.
Økonomisjef Per Inge Olsen møtte til sak 28.

Protokollførar: Randi Hilland

12. mars 2015

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
24/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/2015	Godkjenning av møtebok
26/2015	Referatsaker
27/2015	Aktuelle saker
28/2015	Orientering av rådmannen
29/2015	Orientering om status kommunestruktur
30/2015	Økonomisk rapportering januar 2015
31/2015	Kryssing av E39 Flatøy, vatn- og avlaup
32/2015	Framlegg til planprogram og oppstart offentlig områdereguleringsplan Midtmarka / Rotemyra, Flatøy
33/2015	Søknad om ny aksjekapital Sambandet Vest AS

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 24/2015

FS - behandling:

Ordfører opplyste at det låg føre ei tilleggssak og bad om at den vert handsama i møtet.
Ordfører bad om at sak 32 vert flytta fram og handsama etter sak 24. Deretter vil saklista vert følgd.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste med 1 tilleggssak og endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Godkjenning av møtebok frå møte 10.02.15

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 10.02.15 vert godkjent.

Formannskapet - 25/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Møtebok frå møte 10.02.15 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
26/2015.1	Støtte til sporprøve 18.04.15
26/2015.2	Kommunikasjonsgruppe Meland kommune - private barnehagar - val av representantar
26/2015.3	Vil du bidra til å kurere kreft
26/2015.4	Prosjekt Land of Solheim - reisen gjennom Norge. LET turnering på Meland 2016
26/2015.5	BRB tilpasser driften til nye rammer
26/2015.6	Søknad om støtte for 2015 - LLH Bergen og Hordaland.
26/2015.7	Søknad om kommunale oppstarts- og næringsmidler
26/2015.8	Muligheter for internasjonalt kommune-til-kommune samarbeid i Moldova

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Formannskapet - 26/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 27/2015

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Lars Barstad:

- Overleverte til ordførar "Tøffe turtips" frå Drømmehagen barnehage.
- Solstudio ved MAX treningssenter - kva er årsak til omgjerung av tiltak.
- Status aggregat Meland sjukeheim.
Rådmann informerte om status.
- Del av køyreveg v/Vestbygd skule vert fylt med vatn når det er mykje nedbør.
- Salhusvegen har fått fartsdumpar i 60-sona. Har prøvd å få fartsdumpar i 60-sona på Holme utan å lukkast. Ber om at ordførar tar opp saka.

Ordførar:

- Info ang. Blom fiskeoppdrett. Har hatt samtale med fiskeriministeren. Inne i ein god prosess med god dialog mellom Fiskeridepartementet og Forsvarsdepartementet. Ser ut til at saka kan løysast.

Atle Håtuft:

- Stauts kommuneplan - vidare saksgang.
Ordførar svara at målet er framleis at planen skal vedtakast i denne kommunestyreperioden, og seinast i veka før valet.

Marti Jøssang:

- Må kommuneplanen ut på full høyring.
Rådmann opplyste at den skal ut på begrensa høyring til offentlege instansar.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
28/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet - 28/2015

FS - behandling:

Notat frå rådmannen vart delt ut.

Rådmann orienterte:

- Tilsyn utskrivingsklare pasientar - ingen avvik.
- Rådmann er invitert til Bergen kommune for å snakke om kommunestruktur.

Personal og organisasjonssjef orienterte om sjukefråversrapportering.

Økonomisjef orienterte om resultat rekneskap 2014.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/460

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Orientering om status kommunestruktur

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 29/2015

FS - behandling:

Notat frå rådmannen vart delt ut.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Adland, H:

Formannskapet oppmodar rådmannen til å koma med sak i neste kommunestyremøte basert på følgjande:

Meland vil snarast gå i gang med reelle drøftingar etter modell frå SAS-kommunane. Dette inneber politikareigd- og styrt modell, der det vert sett ned forhandlingsutval på tre medlemmer frå formannskapet. Vi ønskjer å ta modell av SAS-utgreinga med tanke på metodikk, tematikk og prinsipp.

Meland er opne for å drøfta med alle nabokommunane, men ser ikkje vekk frå at vi kan starta drøftingane med færre kommunar, og så dela informasjonen med andre, og gje andre høve til å slutta seg til drøftingane undervegs.

Framlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet oppmodar rådmannen til å koma med sak i neste kommunestyremøte basert på følgjande:

Meland vil snarast gå i gang med reelle drøftingar etter modell frå SAS-kommunane. Dette inneber politikareigd- og styrt modell, der det vert sett ned forhandlingsutval på tre medlemmer frå formannskapet. Vi ønskjer å ta modell av SAS-utgreiinga med tanke på metodikk, tematikk og prinsipp.

Meland er opne for å drøfta med alle nabokommunane, men ser ikkje vekk frå at vi kan starta drøftingane med færre kommunar, og så dela informasjonen med andre, og gje andre høve til å slutta seg til drøftingane undervegs.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		15/583

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Økonomisk rapportering januar 2015

Vedlegg:

- 1-Status regnsk-bud pr jan 2015
- 2-Rapport investeringer 31.01.15

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus. Så tidleg i året er det normalt vanskeleg å estimere avvik på lønspostar og andre kostnadspostar ut frå forbruk hittil i år. Rekneskapen for februar 2015 er ikkje klart før kring 10. mars, og vi kan difor no berre rapportere basert på rekneskapen for januar 2015.

Førebels ventar vi ikkje budsjettavvik for 2015, men vi ser utfordringar for skulane og for barnevernet. Administrasjonen kjem tilbake til nærare analyse av situasjonen i kommande rapporteringar.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer og vedlagt, så kommentarar i vedlegga. Merk at det må gjerast budsjettendringar på nokre prosjekt som ikkje vart ferdige som budsjettet i 2014, men forseinka og må gjerast ferdig i 2015. Det er ikkje snakk om meirforbruk på desse prosjekta, kun overføring og finansiering med midlar som er sett av i rekneskapen som unyttta lånemidlar pr 31.12.2014.

Vurdering

Førebels ventar vi ikkje budsjettavvik for 2015 på drifta, men vi ser utfordringar for skulane og for barnevernet. Nærare analyse av situasjonen i kommande rapporteringar.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport for januar 2015 vert teken til vitande.

Formannskapet - 30/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Budsjettrapport for januar 2015 vert teken til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland		15/568

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Kryssing av E39 Flatøy, vatn- og avlaup

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur vert etablert, også under vegen.

Vurdering

Flatøy er heilt sentralt i den vidare utviklinga av Meland kommune. Utbygginga av Midtmarka kan på sikt auke folketalet på Flatøy med fleire tusen. Det er difor svært viktig for kommunen å sikre at vidare utbygging av vatn- og avlaupssystem er godt lagt til rette for. For å sikre dette kan kommunen vere med på fleire kryssingar der vegvesenet likevel skal krysse veg med overvassleidningar. Den meirkostnaden dette inneberer må Meland kommune dekke. Dersom kommunen let vere å krysse vegen med røyr for vatn- og avlaup vil det vere umogleg å gjere dette når vegen står ferdig.

Det er ikkje satt av øymerka midlar til kryssing av E39 med vatn- og avlaup i budsjettet for 2015. Det er foreløpig ikkje endeleg avklart kva kostnader kryssingane vil få, men dette vil bli klart i løpet av nokre måneder. Administrasjonen meiner at kommunen kan gjere tiltaket utan å auke utgiftene innan sektoren ved å omdisponere midlar innanfor eksisterande ramme. Dette gjeld mellom anna midlar frå avlaupsanlegget på Eikeland som vil gå under budsjett. Dersom dette ikkje er tilstrekkeleg vil det vere aktuelt å utsette andre prosjekt som ikkje hastar like mykje.

Folkehelse og Miljø – Tiltaket vil føre til at det vert lagt nødvendig infrastruktur under E39 for å sikre folkehelse- og miljøomsyn innan vatn- og avlaupssektoren.

Økonomi – Tiltaket er økonomisk gunstig å gjere samtidig med Statens vegvesen sine tiltak på E39.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at det bør omdisponerast midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre nødvendig infrastruktur til vatn- og avlaup under E39 på Flatøy i samband med etablering midtdelarar. Administrasjonen meiner det er heilt nødvendig å gjennomføre tiltaket, for å sikre vassforsyninga og avlaupshandteringa i framtida. Tiltaket skulle i utgangspunktet vore teke inn i framlegg til økonomiplan investeringar, men fall ut pga uklar kommunikasjon.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår til at det vert omdisponert midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre at det vert bygd nødvendig infrastruktur under E39 for vatn og avlaup. Administrasjonen kjem tilbake med ny sak om tiltaket når kostnadene er kjent.

Formannskapet - 31/2015**FS - behandling:****FS - vedtak:**

Formannskapet rår til at det vert omdisponert midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre at det vert bygd nødvendig infrastruktur under E39 for vatn og avlaup. Administrasjonen kjem tilbake med ny sak om tiltaket når kostnadene er kjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alexander Helle		15/581

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Framlegg til planprogram og oppstart offentleg områdereguleringsplan Midtmarka / Rotemyra, Flatøy

Vedlegg:

Planprogram for Midtmarka og Rotemyra 02.03.2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret i Meland vedtok i møte 15.10.2014, sak 59/2014, oppstart av ein offentleg områdeplan for Midtmarka på Flatøy. Utvikling av Midtmarka har vore eit tema i Meland kommune sidan 1970 talet; mange planar har vore utarbeida, men av ulike grunnar har ingen vorte realisert. I gjeldande arealdel til kommuneplanen (2005-2017) er Midtmarka, Rotemyra og Håøya sett av til område som skal regulerast. Eit planprogram vart godkjent av kommunestyre i møte 16.06.2010, etter avklaring og godkjenning av Miljøverndepartementet. Arbeidet stoppa deretter opp.

Sidan 2010 har rammene for planarbeidet endra seg. Dette skuldast dels nye prognosar om forventa høg folketalsvekst i kommunen, men også eit paradigmeskifte innan arealplanlegging i byregionar. Det vert no lagt opp til sentrumsstrukturar rundt kollektivknutepunkt, med føringar om å bygge tettare og med høgare utnytting av tomteareala. Kommunen engasjerte difor konsulentfirmaet Opus Bergen AS til å utarbeide ein statusrapport for planarbeidet i Midtmarka. Denne vart lagt fram for kommunestyret i møte 15.10.14. Med den revisjonen av planprogrammet som no er utført, vert det planlagt for ei langt meir omfattande utbygging enn det som låg føre sist. Målet er å utvikle ein meir urban tettstad i Midtmarka, som på sikt kan binde saman kommunesentra Frekhaug og Knarvik, slik at denne aksen dei neste 20-25 åra kan utvikla seg til å verte ein regional møtestad. Strategien er forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen for 2014-2025 og i framlegget til kommuneplanen sin arealdel.

I framlegg til kommuneplanen sin arealdel er Midtmarka og Rotemyra vist som anlegg for busetnad og anlegg, og er i planskildringa omtala slik:

«Ved denne revisjonen er arealbruk som ikkje er realisert i førre kommuneplan, vidareført. Det gjeld mellom anna planar for utvikling av Midtmarka på Flatøy, vist som sone med særskilt plankrav. Her er det godkjent eit planprogram. Planprogrammet skal reviderast i høve til meir framtidretta tenking om arealutnytting og strukturar i sentrale knutepunkt. Ved planlegging av området må krav til servicefunksjonar, barnehage og skule løysast innafør planområdet.

Utviklinga vil i alle høve ha verknad for den generelle infrastrukturen og lokalsamfunnsutviklinga, men den er vanskeleg konkretisere. Om nødvendig kan kommuneplanen reviderast på enkelte område. Aksen Frekhaug-Knarvik er eit regionalt utviklingsområde, Meland kommune ynskjer å gjennomføre ei moglegheitsanalyse i dette området.»

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg også andre føringar for planarbeidet, som tilgjenge til friluftsområde og strandsona for alle, tilrettelegging av gode møteplassar i bustadfelt, gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar, stimulering til auka differensiering i bustadmarknaden, sikring av areal til offentleg infrastruktur og reduksjon av klimagassutsleppet i kommunen med 15%.

Områdeplan

Kommunen har valt å nytte områderegulering som planform. Områderegulering er ei planform som etter plan og bygningslovas § 12-2 vert nytta for å ivareta verneomsyn eller for å leggje rammer og til rette for vidare planlegging, utvikling og bygging. Reguleringsområdet er svært stort, og den vidare utviklinga av dette er viktig for den samla arealbruken i kommunen og regionen. Ein ønskjer difor ein overordna plan som set grenser for omfang og plassering av busetnad, næringsområde, skule, barnehagar, vegar, teknisk infrastruktur og grøntområde og som tek omsyn til friluftssinteressene i området. Ein vedtatt områdeplan vil legge føringane for etterfølgjande detaljregulering.

Områderegulering er ei kommunal oppgåve, men kommunen kan med heimel i plan og bygningslova §12, 2. ledd overlate til private å utarbeide planen, innanfor dei rammer kommunen set og der dei private tek kostnadene med planarbeidet. Kommunestyret har gitt rådmannen fullmakt til å inngå avtale med Vest Land Eiendom AS, som representerer grunneigarane, om å utarbeide og betale for planarbeidet. Vest Land Eiendom AS har engasjert Opus Bergen AS til å utarbeide planen i samarbeid med kommunen si planavdeling. Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet.

I høve til kommunestyret sitt vedtak i sak 59/2014, er planområdet utvida til også å omfatte Rotemyra, i tillegg til Midtmarka. Dette fordi utbygging av områda er avhenging av ei ny, planskilt kryssløysing med E39, og det er viktig å sjå løysingane i samanheng. I tillegg har dei to områda fått same arealformål i framlegget til kommuneplanen sin arealdel. Planområdet er elles utvida mot sør for å tilfredsstille vegvesenet sine krav til reservering av areal. Planområdet i denne delen er no samanfallande med planområdet frå 2010, korrigert for andre plangrenser.

Planprogram

Planprogrammet skal mellom anna gjere greie for formålet med planarbeidet, hovudproblemstillingane knytt til reguleringa, medverknad, oversyn over viktige utgreiingar som skal utførast, vurderer ulike alternativ og gjere greie for kva konsekvensvurderingar som må gjerast. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og til offentleg ettersyn seinast samstundes som igangsetting av planarbeidet vert varsla, jamfør PBL § 4-1.

Dei overordna utviklingsmåla gjennom reguleringsarbeidet er (henta frå framlegget til planprogram):

- Utvikle eit samfunn med gangavstandar til dei daglege behov.
- Leggje til rette for næringsareal i planområdet og slik at flest mogleg kan bu og arbeide på same stad.
- Leggje til rette for at delar av strandsona kan nyttast til sjøtilknytt nærings- og aktivitetstilbod, som til dømes hotell.
- Leggje til rette for å utvikla Midtmarka til eit klima- og energieffektivt bustad- og næringsområde
- Utvikle betre tilgjenge for friluftslivet på Flatøy og Håøyna

- Utbetre det lokale vegsystemet på Flatøy, leggje betre til rette for fotgjengarar og syklistar og kople det til E39 og eit overordna gang- og sykkelvegnett.
- Utvikle eit område med miljøvennlege løysingar for transport, energi og avfallshandsaming.
- Leggje til rette for ny barnehage, skule og andre offentlege føremål som del av eit nærssenter med eit avgrensa handelstilbod og private tenestetilbod.
- Styrka og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik.

I tillegg til generelle utgreiingar om korleis ein gjennom regulering ser for seg å oppnå desse måla skal det lagast eigne planar for medverknad, friluftsliv, teknisk infrastruktur og eit kvalitetsprogram.

Konsekvensutgreiing

Alle reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn skal etter plan og bygningslovas §4-2 konsekvensutgreiast. For denne planen gjeld det følgjande tema: naturmiljø, sjøareal og strandsone, kulturminne, friluftsliv, lokalklima, risiko og sårbarhet, trafikk og parkering, næringsliv og sysselsetting og samfunnstilhøve, service og helse.

Prosess, framdrift

Planprogrammet inneheld vurderingar av organisering, medverknad og framdrift. Ut over dette søker administrasjonen å dra nytte av eit samarbeid mellom omlandskommunane til Bergen, omkring felles problemstillingar knytt til klimavenleg utvikling av byregionen. Det fins fleire statlege program å søkje prosjektmidlar frå, her ønskjer administrasjonen å hente ut aktelle tilskot og elles drive erfaringsutveksling. Til dømes korleis oppnå nullutslepp og kollektivbasert, energinøytral utbygging, i tråd med statlege krav.

Vurdering

Folkehelse: Ikkje relevant tema

Miljø: Planarbeidet skal byggje opp under nasjonale mål om klimavenleg og berekraftig utvikling.

Økonomi: Kommunen bidrar med personell til samarbeid om offentleg områderegulering med privat gjennomføring.

Konklusjon

Framlegget til planprogram er forankra i kommuneplan og tek omsyn til regionale og statlege føringar. Planprogrammet legg klare rammer for det vidare arbeidet, hovudproblemstillingar er belyst, og planen gjer greie for kva utgreiingar som er naudsynt for utarbeiding av ein områdeplan.

Framlegget vert lagt fram for formannskapet i tråd med delegeringsreglement vedteke i kommunestyret 24.06.2009.

Planprogrammet vert etter vedtak i formannskapet sendt på 6 vekers høyring og offentleg ettersyn. Samstundes vert innbyggjarane og offentlege instansar invitert til å komme med innspel til sjølve planarbeidet. Målet er at framlegget til områdeplan skal vera ferdig til vedtak hausten 2016.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland kommune vedtek igangsetting av planarbeid for områderegulering med konsekvensutgreiingar for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vedtak om planprogram er heimla i plan og bygningslova § 4-1 samt forskrift om konsekvensutgreiing § 7, og i §§ 12-2 og 12-8 om oppstart planarbeid områderegulering.

Formannskapet - 32/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet i Meland kommune vedtek igangsetting av planarbeid for områderegulering med konsekvensutgreiingar for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Planprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn. Vedtak om planprogram er heimla i plan og bygningslova § 4-1 samt forskrift om konsekvensutgreiing § 7, og i §§ 12-2 og 12-8 om oppstart planarbeid områderegulering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026	15/637

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
33/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Søknad om ny aksjekapital Sambandet Vest AS

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i Sambandet Vest har i brev av 15. januar 2015 bedt eigarane vurdere grunnlaget for vidare drift av selskapet og i så fall tilføring av ny aksjekapital.

Dagens aksjekapital er brukt opp, og selskapet treng tilføring av midlar for å sikre vidare drift. Styret legg til grunn at det er behov for minimum 1,5 mill kr dei neste åra. Styret ber om rask attendemelding frå eigarane om vidare drift er ønskt, og i så fall at det vert stilt kapital til disposisjon. Dersom eigarane ikkje stiller ny kapital til disposisjon må selskapet avviklast.

Selskapet opplyser i brevet at dei har von om å få med tidlegare eigarar som har gått ut. Dette gjeld Bergen, Fjell og Øygarden. Status her er ikkje kjent for rådmann. Det er og nemnt at det vert jobba med å få med fleire større private verksemder som nye eigarar.

I kostnadsfordelinga er det teke utgangspunkt i dagens aksjefordeling. Meland har i dag 12 aksjar av tilsaman 160. Summen pr aksje er rekna til kr 9 375,-. Vår andel av 1,5 mill kr vert i så fall 112 500,-. I tillegg må vi vere med å dekke inn Nordhordland utviklingselskap sin andel. Nordhordland utviklingselskap IKS har 45 aksjar og må i så fall gå inn med 421 875,-. Desse pengane må eigarkommunane dekke inn då NUI ikkje har meir fondsmidlar å ta av.

Vurdering

Styret arbeider no ut frå ein framdriftsplan som legg opp til godkjenning av traséar for ein sambinding av Askøy og Nordhordland. I fylgje styret ser ein no på moglege løysingar for bru, eventuelt tunnell mellom Meland og Askøy og nærare planar for det. Det er etter det rådmann kjenner til ikkje lagt fram konkrete planar for løysinga så langt. Rådmann har heller ikkje sett at ny seglingslei og kva konsekvensar dette får for eit eventuelt brusamband er vurdert. Det er eit faktum at statleg reguleringsplan for ny seglingslei inn til Bergen vil bli utarbeidd, og dette vil få konsekvensar for kva type fjordkryssing som kan vere aktuelt mellom Meland og Askøy.

Sidan det enno ikkje er halde eigarmøte har rådmann freista å sjekke ut korleis dei andre eigarkommunane stiller seg til søknaden. Formannskapet i Askøy kommune fatta vedtak 10.02.15 om å gå inn med den summen det er søkt om i ny kapital.

Austrheim kommune har ikkje handsama søknaden, men ut frå den tilbakemeldinga rådmann har fått frå rådmann i Austrheim så er dei negative. Radøy kommune har heller ikkje handsama søknaden, og seier dei avventar å sjå kva Meland gjer. Frå Lindås kommune har rådmann i skrivande stund ikkje fått tilbakemelding.

Folkehelse

Tiltaket har klart ein positiv gevinst i form av ringveg som sikrar at det vert mogeleg å kome frå Nordhordland til Bergen sjølv om Nordhordlandsbrua og/eller Hagelsundsbrua skulle bli stengt.

Miljø

Det å ha eit effektivt vegsystem vil gi miljøgevinst. Det er på noverande tidspunkt umogeleg å vurdere om tiltaket vil føre til auka bilkjøring. Det er eit klart mål at framtidige utbyggingsmønster for å takle folkevekst skal planleggjast slik at ein reduserer behovet for bilkjøring. Dette tiltaket er slik rådmann forstått først og fremst kome til av omsyn til næringslivet og deira behov for effektive transportsystem, ut frå den plasseringa større verksender har i dag. I så fall er det tvilsamt om dette tiltaket i seg sjølv fører til redusert bilkjøring.

Økonomi

Kø fører til økonomisk tap for næringslivet. Betre vegsystem vil difor kunne gi økonomisk gevinst i form av meir effektiv logestikk. På den andre sida vil dette prosjektet neppe kunne realiserast utan bompengefinansiering.

Konklusjon

Etter at dei opprinnelege traséane måtte skrinleggjast grunna tilhøve på havbotnen, ser ikkje rådmann nokon klar og realistisk løysing på kryssinga mellom Meland og Askøy. Skal kommunen bruke meir pengar inn i selskapet, meiner rådmann det må setjast krav om at selskapet snarast kjem opp med nye realistiske traséalternativ. Det bør og setjast som krav at alle andre eigarar yter sin del i selskapet. Meland sin del av forpliktinga er kr 112 500,-. I tillegg må vi finansiere tilsvarande sum av den delen som går på NUI IKS sin del. Tilsaman vert dette kr 225 000,- for Meland kommune sitt vedkomande. Dette er ein relativt stor sum for kommunen, og vi bør difor setje same krav til effektiv bruk av desse midlane som vi gjer på midlar vi elles brukar i drifta.

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune er positive til vidare drift av Sambandet Vest AS.
2. Meland kommune løyver kr 112 500,- som kommunen sin del av ny aksjekapital. Midlane vert å dekkje frå kapitalfond. Det vert likevel ein føresetnad at dei andre eigarane går inn med sin del.
3. Meland kommune er positive til å finansiere del av NUI IKS sin del av ny aksjekapital avgrensa oppad til kr 112 500,-. Finansieringa for denne delen vert å dekkje frå driftsfond.
4. Sambandet Vest As må snarast leggje fram nye realistiske planar for traséval og framdriftplanar, samt vurdering av grunnlaget for framtidig drift av selskapet.

Formannskapet - 33/2015

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

1. Meland kommune er positive til vidare drift av Sambandet Vest AS.
2. Meland kommune løyver kr 112 500,- som kommunen sin del av ny aksjekapital. Midlane vert å dekkje frå kapitalfond. Det vert likevel ein føresetnad at dei andre eigarane går inn med sin del.
3. Meland kommune er positive til å finansiere del av NUI IKS sin del av ny aksjekapital avgrensa oppad til kr 112 500,-. Finansieringa for denne delen vert å dekkje frå driftsfond.
4. Sambandet Vest As må snarast leggje fram nye realistiske planar for traséval og framdriftsplanar, samt vurdering av grunnlaget for framtidig drift av selskapet.